



Terje Fløysand
Fløksand 76
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11619 - 20/68689

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
29.10.2020

Vedtak til klagevurdering - Gbnr 305/36 Fløksand

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: 3630536
Tiltakshavar: Fløksand Fritid AS
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon og søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert LNFR-formål.

Sakshandsaming

Søknaden vart handsama administrativt 27.10.2020 der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet landbruk, natur og friluft, samt reindrift (LNFR) i kommunedelplan for Meland for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 305/36 i samsvar med oppdatert situasjonsplan datert 26.10.2020.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på 1500 m² frå gbnr.305/36 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 26.10.2020, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova, men skal ikkje vera over 1500m².
- Bruksrett til veg må dokumenterast og tinglysast seinast samstundes med oppmålingsforretninga.

